

Årsmelding 2025

Kinsarvik Bygdekvinnelag

Årsmøte

Årsmøtet 2023 vart halde på Kinsarvik Fjord Hotel. Me handsama årsmelding, rekneskap og årsplan.

Raagnhild Opedal Tveit spelte to stykke på saksofon.

Matøkt med rundstykke og frukt.

Det møtte 25 medlemer.

Vanlege årsmøtesaker og val.

Val

Gudbjørg og Gunn Berit Beck var valnemnd.

Styremedlemer er valde for 2 år. Inger Dyrnesli er styremedlem for 2 år og leiar for 1 år.

Anne Eitrheim tek attval. Tonje Merete Kalhagen Eitrheim og Karin Vikane er ikkje på val.

Helga Opedal og Elisabeth Mehl er nye styremedlemer.

Varamedlem styret 1 år: 1 Brita Helleland, attval. 2 Liv Birgit Haustveit.

Revisorar for 2 år: Eli Utne Lillevik Audhild Buddenbaum , ikkje på val.

Valnemnd 3 år: Gudbjørg Grønsdal, ikkje på val, Margareth Moberg, ny

Gunn Berit Bjotveit Beck, vara i 1 år

Styret konstituerte seg seinare og vart samansett slik:

Styret for 2024 / 25

Leiar : Inger Karin Dyrnesli

Nestleiar : Helga Opedal

Kasserar : Anne Eitrheim

Skrivar : Tonje Merete Kalhagen Eitrheim

Studieleiar : Karin Vikane

Styremedlem: Elisabeth Mehl

Ansvarleg for laget si heimeside : Inger Dyrnesli

Varafolk :

1. Brita Helleland
2. Liv Birgit Haustveit

Valnemnd :

- 1 Leiar. Margareth Moberg
- 2 Gudbjørg Grønsdal

Vara i 1 år, Gunn Berit Beck

Revisorar: Eli Lillevik, Audhild Buddenbaum

Elisabeth Mehl har meldt seg ut av laget, Brita Helleland har møtt i hennar stad.

Medlemmer, møte og arrangement m.m.

Kinsarvik Bygdekvinnelag har no 63 medlemer, seks har gått ut av ulike årsaker, to nye har kome til.

Det har vore stor aktivitet dette året.

Styret har hatt 10 møte. Elles ein god del kontakt via telefon, e- post og Messenger.

Laget har hatt 5 medlemsmøte.

Møte me har hatt:

Boklansering 20.nov.Heradshuset

Reidar Borgstrøm og Johannes Sekse presenterte boka om stølar og buer på Hardervidda

Loddsal

35 frammøtte

Adventsmøte i Borstova, 2.desember

Signe Elisabeth Kvåle kom og fortalde om seg sjølv og arbeidet sitt som prest.

30 frammøtte

Boklansering med Mari Svartveit Hansen, 22. januar, Biblioteket

Mari i samtale med Erika Alnæs, 21 møtte fram, song og servering

Unge kvinner i landbruket, Heradshuset 13.januar

Kari Lutro, Anna Hegerland og Theresa Angel Mæhle fortalde om gardsdrifta. Arne Lofthus innleia om jordbruket i Hardanger, ca.40 frammøtte

Grynderane våre 3. feb, Huse Gjestegard

Hege Ertsås Lutro, Helga Opedal, Ragnhild Opedal Tveit og Liv Jorunn Gausel snakka om korleis dei starta si eiga verksemd.

28 frammøtte

Litteraturkvelden 3.mars, gjekk ut

Trening og helse 29.mars, i Borstova

Kommunefysioterapeut Ann Cathrin E Eimhjellen heldt føredrag

27 frammøtte

Måndag 5.mai, Dyrk sjølv, gjekk ut

Planleggingsmøte, Borstova, 29.september

Førebuing til årsplan 17 stk møtte.

Andre aktivitetar:

Kjøken i Borstova vart endeleg ein realitet

I slutten av februar var kjøkenet klart. Me hadde vaskedugnad 6.mars og feira med medlemsmøte 29.mars.

Baking til jolemarknad på Broto, i regi av Gjenbruksdraumar 7.des.

7 hjelparar, 100 frammøtte

Juletreff 27.12, 3.juledag, på Ystanes skule

Stor suksess, me ynskjer å oppretthalda gamle tradisjonar i samarbeid med skulen

Ca 100 frammøtte og 12 hjelparar

Triveleg besøk av japanarar 24.juni

Ei grupped med japanske turistar fekk sjå baking i eldhuset og me serverte dei krotakaker og kaffi i Borstova. Dei viste oss bilete av Hardangersaum som dei hadde sydd.

8 hjelparar og 8 turistar

Kurs

Kransebinding i Fjordahallen 26. nov.

Björg Dvergsdal frå Kinsarvik blommar hadde kurset

10 deltakarar

Sykurs for born, tre onsdagar i mars

Katrine Meling hadde kurs for 6 jenter

Potetkakekurs på møterommet i Fjordahallen, 30.mars

Rannveig Nakkerud, Gro Kinsarvik Nedrevåg og Ragnhild Opedal Tveit var kurshaldarar

12 deltakarar

Baking 7. klasse, Eldhust 18.juni

20 elevar, 4 hjelparar

2 bakedagar i eldhuset, krotakaker til sommarbasaren

Stor oppslutning frå medlemene rundt bakedagane, pakking av krotakaker og hjelp på basaren. Ca 25 medlemer deltok.

Streif på Osterøy

3 medlemmer deltok

Tur til Vallavik og Ulvik 13.mai

Me besøkte fotogalleriet i Vallavik og vevstova i Ulvik

10 deltakarar

Tur til Geiterygghytta

Gjekk ut på grunn av få påmelde.

Grindaløemarsjen 28.september

Bygdekvinnelaget fekk 10 000 kr. tilskot frå prosjektet Friluftsliv og inkludering NBK

Me gav desse pengane til Kinsarvik Vel slik at Grindaløemarsjen vart gratis.

Epledagen 30.9

Bygdekvinnelaget deltok med bakst.

Sommarbasaren 14.juni 2025

Sommarbasaren er det største skippartaket gjennom året, og den største inntektskjelda til laget vårt. I år var det åresal og loddosal på bok. Me selde og lodd på Facebok. Nytt av året, basarkomite. Fem medlemer som fordelte arbeidsoppgåver på sjølve basaren. Laget kjøpte inn halsknapp og mansjettknappar til gevinst, og spurde næringslivet lokalt om gevinstar i tillegg til at medlemmane hadde med fleire gevinstar kvar, og det vart lodda ut krotakaker, anna godt bakverk, blomar og andre gevinstar. Det var sal av kaffi, te, saft, brus og kaker. Populært med sal av krotakaker til slutt.

Inkludert medlemmer var det over 120 frammøtte, og basaren fekk inn over 100 000,-

Løyvingar og gåver

Bygdekvinnelaget selde kaffi og kaker.

Hårteigen 4H: kr 1000 (2 fruktkorger)

Bjødabykse 4H: 1000,- kr (to fruktkorger)

Ullensvang Skulemusikklag: kr 1000, - (2 fruktkorger)

Utviklingsprosjekt i Guatemala: kr. 1000, -

Hjelpetelefonane kr. 1000, -

Blomegåver: Gravferd Torill Krogh Larsen og Aslaug Utne

Blomar til ulike programhaldarar, kurshaldarar, bakehjelpar og til Helene Olsen som gjekk ut av styret i 2024.

Utsendingar til møte.

Årsmøtet i HBK 2025: Inger, og Anne frå Kinsarvik møtte.

Digitale kurs/møte i Norges Bygdekvinnelag, fleire frå styret har delteke.

Til utleige

Laget har til utleige brure- og brudgomsbunad , og konfirmantbunader til gutar. I november 24 var brurebunaden + 4 herrebunader utleigde til Hardanger Folkehøgskule.

2025:

Konf/herrebunad 9 gonger, brurebunad 1 gong + enkle deler 3 gonger.

Aase Utby Lutro har ansvaret for utleige av brurebunaden, medan Helene Olsen har ansvar for utleiga av konfirmant-/herrebunadene.

Facebook, Instagram og heimeside

Inger Dyrnesli og Karin Vikane har hatt ansvar for dette.

Styret

Skrivar og leiar

Tonje M. K. Eitrheim og Inger Dyrnesli